

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.

Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte og talerett i forumet.



Protokoll frå AU-møte 17. juni 2015

Protokoll: Møte i arbeidsutvalet
Møtedato: 17.06.2015
Tid: 14:00-17:30
Møteleiar: Mona Hellesnes
Møtestad: Fylkesbygget, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Referent: Adelheid Nes

Deltakarar: Mona H. Hellesnes, Lars Olsen, Trond Johansen, Hans Erik Ringkjøb.
Forfall: Kjell Hansen, Knut Arne Gurigard.

Sakliste:

AU 08/15 Godkjenning av innkalling og sakliste
AU 09/15 Godkjenning av møtebok frå AU-møte 25. mars 2015
AU 10/15 Status Ringeriksbanen, vidare arbeid
AU 11/15 Status Arna-Voss, vidare arbeid
AU 12/15 Førebuande arbeid før årsmøtet 2015
AU 13/15 Neste AU-møte
AU 14/15 Eventuelt

Møtet vart innleia med ein presentasjon av prosjekt Utbygging Arna-Bergen (inkl. Arna-Fløen) ved prosjektsjef Hans-Egil Larsen og kommunikasjonsrådgjevar Ingvild Eikeland frå Jernbaneverket.

AU 08/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Møtet vart varsla gjennom Outlook 01. juni. Innkalling og sakliste vart sendt ut 15. juni og møtepapir vart sendt ut 16. juni.

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjende.

AU 09/15 Godkjenning av møtebok frå AU-møte 25. mars 2015

Vedtak: Møteboka for AU-møtet 25. mars 2015 vart godkjent.

AU 10/15 Status Ringeriksbanen, vidare arbeid

Fleire viktige avklaringar knytt til arbeidet med Ringeriksbanen komne etter førre AU-møte vart gjennomgått og diskutert i møtet:

- BI er ferdig med første del av sin studie som er produktivitetseffektar av å bygge Ringeriksbanen. Resultatet av studien er svært positivt: potensialet for auka produktivitet er på maks 6 milliardar kroner årleg. Resultatet er presentert i eit møte i Samferdselsdepartementet med både John-Ragnar Aarset og Samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen til stades, og dei var svært nøgde med å få denne rapporten. Rapporten inngår som del av saksunderlaget for den vidare handsaminga i departementet.
- Anette Trettebergstuen stilte i spørjetimen 27.05 spørsmål til statsråden vedrørende Intercity-utbygginga, bl.a. om kostnadane for Ringeriksbanen skal inngå i dei vedtekne rammene for IC-triangelet. I svaret sitt peikar Ketil Solvik-Olsen på transport og kommunikasjonskomiteen si innstilling S 450 (2012-2013) om at «*Ringeriksbanen skal ha høy prioritet, og planlegges slik at prosjektet kan startes opp så tidlig som mulig i siste seksårsperiode*», og han bekreftar at **kostnadane for Ringeriksbanen kjem i tillegg til den vedtekne kostnadsrammen for IC-triangelet.**
- I prop. 117 (2014-2015) foreslår regjeringa å oppheve vedtaket om at Ringeriksbanen skal gå over Åsa. I møte 2. juni støtta Transport og Kommunikasjonskomiteén dette forslaget om å gå bort frå Åsa-alternativet, og å legge felles trasé over Kroksundet.

Forslag til vedtak i prop. 117 frå regjeringa var som følger:

Stortinget samtykkjer i at vedtaket om vidare planlegging av Ringeriksbanen som tek utgangspunkt i korridoren over Åsa blir oppheva, og at regjeringa tek stilling til val av trasé før ei eventuell formell planlegging av Ringeriksbanen blir starta opp.

Komiteen reagerte på bruken av ordet eventuell, og endeleg vedtak vart slik:

«Stortinget samtykkjer i at vedtaket om vidare planlegging av Ringeriksbanen som tek utgangspunkt i korridoren over Åsa blir oppheva, og at regjeringa tek stilling til val av trasé før formell planlegging av Ringeriksbanen blir starta opp.»

Saka vart tatt opp i Stortinget 9. juni. Forslaget om å gå bort frå Åsa-alternativet vart vedtatt med stort fleirtal, men mot stemmene frå SV, Venstre og MDG. I diskusjonen vart det uttrykt sterk støtte til Ringeriksbanen frå fleire hald, spesielt tydeleg var Martin Kolberg.

- Samferdselsdepartementet fekk i starten av juni overlevert høyringsuttalane for Ringeriksbanen/E16 Skaret-Hønefoss. I tillegg til berørte kommunar og fylkeskommunar kom det inn totalt 33 uttalar frå organisasjonar og 19 frå enkeltpersonar. Uttalane kan oppsummerast svært kort som følgjer:
 - Samtlege kommunar og fylkeskommunar støttar statleg plan og korridor over Kroksundet. Dei fleste poengterer også behovet for rask planprosess og viser til Stortingets ønske om byggestart i 2018/19.
 - Hole ynskjer trasé over Busund (4g) istadenfor Helgelandsmoen (4f) som er anbefalt av etatane. Bærum ynskjer trasé via Bjørum Sag (1c) istadenfor Rustad (1b) som er anbefalt av etatane. Ringerike støttar etatane sitt forslag til trasé fullt ut.
 - I innspela frå organisasjonane knytta til natur og friluftsliv går det att ei bekymring knytta til inngrep i det verditette området, samt auke i biltrafikk.
 - Næringslivet viser til at planlegging og utbygging må skje raskast mogeleg, og stiller spørsmålsteikn ved berekningane av samfunnsøkonomisk nytte. Dette siste punktet er også påpeikt av både fylkeskommunar og kommunar.

- KS1 er forventa å foreligge i desse dagar.

Med avklaringane i Stortinget samt gjennomført KS1 og høyringsrunde ligg alt til rette for at regjeringa no kan fatte dei naudsynte vedtak for å starte opp planprosess etter plan og bygningslova. Følgjande vedtak skal (minst) fattast:

- Traséalternativ
- Planprosess
- Prosjektorganisering
- Tidsrammer

Vi forventar at vedtak og kommunikasjon av desse vil bli gjennomført som del av valkampstrategien til regjeringspartia, og vi må vere førebudd på at det kan kome noko frå regjeringa alt no før sommaren. Umiddelbart etter at departementet kommuniserer ut eventuelle vedtak knytt til Ringeriksbanen, må FNB vere på banen. Dersom det ikkje kjem nokon signal før sommaren, vil FNB bidra til å legge press på regjeringa og etterspørre handlekraft og vedtak.

AU registrerar stadig at kunnskapsnivået knytt til sakene våre ikkje er like godt blant viktige premissgjevarar og beslutningstakarar. Vi må difor framleis vere aktive på kunnskapsfronten og sørgje for god og tydeleg informasjon ut til alle våre interessentar. Som eit ledd i dette arbeidet vil vi invitere oss sjølve til informasjonsmøter med relevant presse.

Vedtak: Forum Nye Bergensbanen koordinerer uttalar, mediautspel og andre aktuelle aktivitetar med Rådet for Ringeriksregionen, basert på den vidare utviklinga i saka og dei utspela frå regjeringa som måtte kome.

AU 11/15 Status Arna-Voss, vidare arbeid

Prosjektet E16 og dobbelspor Arna-Voss har fått sterkt fornya aktualitet med dei to rasa som gjekk ved Bogetunnelen i Vaksdal 12. og 21. mai. Rasa stengde veg og bane i lang tid. Raset den 21. mai førte til at vegen var stengt samanhengande i over ei veke, følgt av nattestenging og sporadisk stenging også på dagtid i ytterlegare to veker.



Desse to ras-hendingane har ført til stor mobilisering av befolkninga i Hordaland (over 50 000 medl. i Facebook-gruppe på eitt døgn), sterkt mediafokus og også stor politisk aktivitet med fleire viktige politiske uttalar. Spesielt har ordførar på Voss, Hans Erik Ringkjøb, stått på og brukt situasjonen til ei kraftig mobilisering for dette prosjektet.

I denne situasjonen har FNB valt følgjande hovudpunkt i vår kommunikasjon:

- Tryggleikssituasjonen på E16/Vossebanen er på eit uakseptabelt lågt nivå, dette gjeld både fare for trafikkulukker og ras.
- Det er ikkje akseptabelt at hovudvegen mellom Oslo og Bergen har ein så låg standard at stenging over fleire dagar i strekk skjer opptil fleire gongar i året
- Vi vil ikkje sette E16/Vossebanen opp mot andre viktige prosjekt i Hordaland. Dette er eit nasjonalt prosjekt.
- Alle står samla om alternativ K5 i KVU
- Ny E16 Arna-Voss som føresetnad i aust-vest utgreiinga er ein viktig premis.
- Vi støttar ein utbyggingsstrategi med stegvis utbygging. Første byggetrinn Arna-Vaksdal vil løyse dei verste strekningane både mht. ras og køyrefart for banen.

Hordaland Fylkeskommune har vedtatt å etablere eit kontaktutval for Arna-Voss etter modell frå E39 og her vil FNB bli representert. Dette vil bidra til å halde presset og merksemda oppe. I tillegg er Vossaløysinga formelt etablert, og dette blir ein svært viktig samarbeidspartnar for FNB.

BI vil levere sin rapport om produktivitetssauke knytta til bygging av dobbelspor Arna-Voss mest sannsynleg innan utgangen av veke 26.

Jobb nr. ein for FNB når det gjeld Arna-Voss er å få regjeringa til å vedta konsept K5. Regjeringa tek konseptvalet mest sannsynleg i haust. Dernest er målet å få Arna-Voss inn i neste NTP. FNB ynskjer å framheve den store betydninga den samla effekten av Ringeriksbanen og Arna-Voss har for Bergensbanen. Det er stort behov for meir informasjon knytt til dette og FNB må bidra til å spreie denne informasjonen breitt ut. Dette arbeidet vil både Buskerud med Hallingdal og Hordaland stille seg heilhjarta bak.

Vedtak: Adelheid utarbeidar eit forslag til kommunikasjons-/handlingsplan for FNB sitt arbeid med Arna-Voss dei næraste månadane basert på innspela i møtet.

AU 12/15 Førebuande arbeid før årsmøtet 2015

Før årsmøtet i november 2015 vil det vere gjennomført eit kommuneval. Mest sannsynleg vil nokre av ordførarane i medlemskommunane vere nye til dette årsmøtet. Det vil også bli utskiftingar i AU, samt at det på neste årsmøte skal vedtakast nytt handlingsprogram (gjeldande program er vedtatt for perioden 2013-2015). Med tanke på at vi framleis ikkje er heilt i mål med Ringeriksbanen, og det viktige arbeidet knytta til nytt dobbelspor Arna-Voss, bør AU jobbe mot at årsmøtet 2015 vedtar ei vidare satsing på same nivå som no, også for neste periode. Etter valet bør dei nye ordførarane settast inn i arbeidet og ambisjonane vi har slik at dei er godt informert før årsmøtet. Vi bør også tidleg i haust ha klar ei skisse til ny handlingsplan.

Vedtak: Adelheid utarbeidar skisse til overordna handlingsplan for FNB for perioden 2015-2017 til neste AU-møte. Skissa skal ta utgangspunkt i same ambisjonsnivå som for inneverande periode. FNB tek sikte på å arrangere eit inspirasjonsseminar i tilknytning til årsmøtet med utvikling av Bergensbanen som tema. Foreløpig dato: 30/11, 2015.

AU 13/15 Neste AU-møte

Neste AU-møte bør komme relativt snart etter ferien med tanke på at vi er midt i ein valkamp.

Vedtak: Adelheid og Mona kallar inn til neste AU-møte .

AU 14/15 Eventuelt

Ingen saker.